



Dagleg leiar Bente Nilsen kjem med meddelinga om den fine pengegåva frå Spar Uskedalen.

**Inntektene frå Aktivitetsdagen i båthamna i dag skal gå til reperatur av taket i Aktivitetshuset. Huset er no 15-16 år og viser no teikn på alder. Michael Røssland, og derfor må taket reparerast, og som Røssland sa, når det er snakk om tak, vert det fort mykje pengar. Derfor var det både kjærkome og gledeleg at Spar Uskedalen overrekte ei flott pengegåve til dette.**

På Spar Uskedalen er det ein panteordning som gjer at ein kan gje pantepengane som støtte til Aktivitetshuset. Det gjer ein ved å leggja pantelappen i ein postkasse som er sett opp til føremålet. Då lappane nyleg vart telt opp, viste dei det flotte resultat av 29.000,- kr til Aktivitetshuset frå pantarar.

Etter at Michael Røssland hadde informert publikum om denne gledelege summen, fekk dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Bente Nilsen, ordet. Ho kom då med gladmeldinga om at då dei hadde fått høyra om behov for midlar til takreparasjon på Aktivitetshuset, hadde dei bestemt at dei ville støtte arbeidet med ei pengegåve på 10.000,-kr. Nok ein gong viser den lokale Spar-butikken vår støtte til dei lokale aktivitetane. Det er av stor verdi!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.